

Læreplan i vg3 bunadtilverkarfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 15.juni 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 bunadtilverkarfaget handlar om å tilverke bunader med tilhøyrande tekstile delar. Gjennom praktisk arbeid i tradisjonelle bunadsteknikkar for tilverking, omsaum og reparasjon utviklar lærlingane kunnskap om materiale og drakttradisjonar i handverket og om den folkelege og allmenne bunadsbruken i Noreg. Faget skal førebu yrkesutøvarar som kan dekkje behovet for tilverking og bruk av bunader til eit breitt spekter av kundar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg3 bunadtilverkarfaget skal bidra til tilverking av bunader og tilbehøyr med utgangspunkt i berekraft, kvalitet, kultur og historie. Lærlingane skal oppleve meistring og finne sin eigen faglege identitet gjennom å utvikle handlag og reflektere over handverksutføringa i arbeid med bunader og tilbehøyr. Faget vidarefører tradisjonell handverkskunnskap som sikrar mangfald og lokal forankring. Videre bidreg faget til å skape respekt og forståing for kultur- og naturarv, og til at ressursar blir teke vare på for framtida. Faget skal òg bidra til å gi lærlingane kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og om betydninga av trepartssamarbeidet, der arbeidsgivaren, arbeidstakaren og myndigheitene jobbar saman for å utvikle faget og eit betre arbeidsliv.

Kjerneelement

Tilverke ein bunad

Kjerneelementet tilverke ein bunad handlar om å ta mål, sy, tilpasse, halde ved like og reparere bunader ved hjelp av tradisjonelle og tidsriktige teknikkar og etter retningslinjene for den aktuelle bunaden. Det handlar vidare om å forstå samanhengen mellom nasjonale og lokale tradisjonar knytte til bunader og bunadsbruk. Den faglege forståinga inkluderer å gjere greie for forskjellen på folkedrakt og bunad og ha kjennskap til og respekt for mangfaldet blant dei norske bunadane.

Handverkskunnskap og materiallære

Kjerneelementet handverkskunnskap og materiallære handlar om handverksteknikkar som blir brukte i tilverking av bunader og tekstilt tilbehøyr til bunader. Dette kjerneelementet handlar òg om kjennskap til historiske og nyare materiale og tilverkningsmetodar. Vidare handlar handverkskunnskap og materiallære om val og bruk av tekstilt materiale og om å forstå eigenskapane til dei ulike materiala og korleis dei blir framstilte. Dessutan handlar dette

kjerneelementet om å halde ved like, stelle og ta vare på dei ulike plagga i ein bunad. Kjerneelementet handlar og om vedlikehald av utstyr og verktøy.

Bedriftsforståing

Kjerneelementet bedriftsforståing handlar om å organisere arbeidet slik at verksemda er effektiv, lønnsam og etisk forsvarleg. Det handlar òg om å planleggje og halde tidsfristar og avtalar overfor både leverandørar og kundar. Vidare handlar det om å bruke varierte arbeidsstillingar og følgje regelverket for helse, miljø og sikkerheit.

Kunderettleiing og kundebehandling

Kjerneelementet kunderettleiing og kundebehandling handlar om å gi relevante opplysningar og å sikre dei faglege tradisjonane og uttrykka for kvar enkelt bunad. Kundebehandling handlar òg om å rettleie kunden i påkleding, bruk og vedlikehald av bunad og tilhøyrande delar. Vidare handlar kundebehandling om å kunne ta mål, samhandle med kunden og skape ei god bunadsoppleving.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 bunadtilverkarfaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle handlag, gode arbeidsrutinar og evne til problemløysing og om å utvikle identitet og å ta ansvarlege val i skapande arbeid og i eige liv. Det handlar òg om korleis ein kan gi uttrykk for eigne opplevingar, tankar og meiningar i samarbeid med andre og i arbeidet med oppgåver innanfor bunadtilverkarfaget.

Berekraftig utvikling

I vg3 bunadtilverkarfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om medviten refleksjon rundt val av materiale, produksjonsmetodar og verktøy i ein etisk og berekraftig tilverking. Vidare handlar det om å tilverke bunader og tilbehøyr med god og varig kvalitet der vedlikehald og reparasjon er mogleg. Berekraftig utvikling handlar òg om å ta vare på og utvikle ein levande kulturarv med lokal og nasjonal forankring.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 bunadtilverkarfaget inneber å delta i samtaler med fagleg innhald. Det inneber å kunne bruke fagterminologi i kommunikasjon med kundar, leverandørar, kollegaer og andre

samarbeidspartnarar. Lærlingane utviklar munnlege ferdigheiter og fagleg forståing gjennom å diskutere og reflektere over arbeidsmetodar og fagkunnskap.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 bunadtilverkarfaget inneber å kunne bruke fagterminologi i skriftleg kommunikasjon med kundar, kollegaer, leverandørar og andre samarbeidspartnarar om bunadstradisjonar, estetikk, arbeidsprosessar og historiske kjelder. Det inneber òg å kunne delta i faglege diskusjonar, å kunne dokumentere eige arbeid og å kunne utarbeide syretteiingar.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 bunadtilverkarfaget inneber å finne og vurdere informasjon i faglitteratur, ulike tekstar, arbeidsbeskrivingar, syretteiing, teikingar, bilete og illustrasjonar. Det inneber òg å samanlikne, tolke informasjon og trekkje faglege slutningar ut frå kjent og ukjent fagstoff. Vidare inneber det å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

Å kunne rekne

Å kunne regne i vg3 bunadtilverkarfaget inneber å bruke informasjon frå eit måleskjema. Det inneber òg å rekne ut storleik, tilpasse mønster og materialforbruk og berekne tidsbruk. I tillegg inneber det å gjere økonomiske berekningar i samband med pristilbod.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 bunadtilverkarfaget inneber å kunne innhente opplysningar om bunader og folkedrakter. Vidare inneber det å kunne delta i digitale nettverk og å kunne presentere eige arbeid. Digitale ferdigheiter inneber òg kunnskap om kjeldebruk og sitat, digital dømmekraft og medvit om kritisk kjeldebruk.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 bunadtilverkarfaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid

- analysere lokal og nasjonal bunadtilverkartradisjon og nytte historiske korrekte saumteknikkar i arbeid med bunader, skjorter og ytterplagg
- vurdere og utføre reparasjonar og omsaum på bunader
- ta mål, tilpasse mønster, prøve inn og tilpasse nye og eldre bunader til kunde
- velje og bruke tekstilar i ulike veveteknikkar i tilverking av ein bunad og gjere greie for korleis ulike val kan påverke kvaliteten og haldbarheita til bunaden
- anvende teknikkar for handsaum og maskinsaum og gjere greie for kva for teknikk som skal nyttast i den aktuelle bunaden og på tekstilt tilbehøyr
- nytte angitt syretteiing for bunader, bunadsskjorter og tekstilt tilbehøyr
- nytte presse- og stiveteknikkar og før- og etterbehandlingsmetodar tilpassa materiale og bruksområde
- anvende dei mest utbreidde broderiteknikkane for bunader og bunadsskjorter
- gjere greie for grunnprinsippa for rekonstruksjon av folkedrakter og mønsteravtak frå eldre plagg
- berekne tid og pris på eigne produkt, og gjere greie for korleis ulike val påverkar tidsbruk og lønnsemd
- gjere greie for forskjellen på bunad og folkedrakt, både stilhistorisk og saumteknisk, og bruke denne kunnskapen i eige arbeid
- bruke fagterminologi i kommunikasjon med kundar, kollegaer og andre samarbeidspartnarar knytte til tilverking av bunader
- gjere greie for bunadsbruk og korleis bruken i dag tek vare på ein levande tradisjon
- rettleie kundar i bruk og vedlikehald av bunad og med tilbehøyr som draktsølv, hovudplagg og fottøy
- utforske og bruke faget si historie og eigenart til å formidle og vidareføre tradisjonell kunnskap om bunadtilverking og til å rettleie kundar
- anvende og halde ved like maskiner og utstyr og følgje gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit i arbeidet på verkstaden
- finne og vurdere informasjon for å drøfte faglege spørsmål og problemstillingar og utvise kjeldekritikk
- gjere greie for gjeldande lovverk om opphavsrett og marknadsføring og følgje dette i eige arbeid
- bruke formålstenlege arbeidsstillingar og gjere greie for gode arbeidsrutinar i ein produksjon
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 bunadtilverkarfaget når dei

bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 bunadtilverkarfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og til å reflektere over si eiga faglege utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før sveineprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 bunadtilverkarfaget skal avsluttast med ei sveineprøve. Alle skal opp til sveineprøva, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på 8–10 yrkedagar.